

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Oktober 2015

Innhald i dette nummeret:

Leiaren har ordet – Randi Jåstad	2
sløret - Ruth Lillegraven	3
Litt om skribentane i dette heftet – Randi Jåstad	4
Kvardagstankar kring ei djup dikting - Arne Sørheim	5
Ordstablar – Magne Velure	10
Eg ser du har lært - Olav H Hauge	11
Feil og feil – Einar Andreas Økland	12
Et toksikologisk motiv i Olav H. Hauges dikting – Espen Stueland	14
Ogmund Sponheim og NRK-sommarbåten - Arne Skjerven	19
Ein høg, seneberr mann i svart - Reidar Storaas	20
Glimt frå opphavet til den nynorske dagbok- tradisjonen - Øystein Hide	23
Tre haustdikt frå "Dropar i Austavind" Olav H Hauge	26
Vedtekter for Venelaget Olav H Hauge	27
Styret med info	28



Leiaren har ordet

Det gjeng an å skriva i kvardagen òg...

Venelaget har mange skriveføre personar i medlemslistene. Vi finn både profesjonelle forfattarar og mange som skriv i ulike samanhengar på jobb og elles. Alle tekstane i dette nummeret er skrivne av medlemmer. Det er vi i styret glade for og stolte over. Somme av tekstane har vore publiserte tidlegare andre stader, men vi trur likevel at dei er ukjende for fleirtalet av medlemmene våre. Kor som er, tekstane er så gode at dei toler å brukast opp att.

Diverre har vi berre ein kvinneleg skribent denne gongen. Forfattar Ruth Lillegraven skreiv eit dikt til oss til vårnummeret, og no gler ho oss med eit haustdikt som står i dialog med vårdiktet. Vi er ikkje nøgde med at vi nesten berre har menn på innhaldslista denne gongen, men vi veit ikkje korleis vi skal få fat i tekstar frå kvinnene i Venelaget. Sidan om lag halvparten av medlemmene er kvinner, burde det gå an å få fleire av dei til å skriva, men vi treng hjelp frå dykk til å finna fram til kvinner som kan og vil gjera det. Ta kontakt om de har framlegg til kven vi kan spørja.

Vi har denne gongen trykt nokre tekstar som handlar om andre ting enn akkurat Olav H. Hauge og forfattarskapen hans. Kanskje nokon tykkjer vi har gått litt ut over mandatet vårt, men vi synest det er kjekt å utvidarammene litt av og til slik at vi får fram ressursane og mangfaldet blant medlemmene. Tekstane handlar om språk og kultur, og vi meiner såleis dei høver i heftet vårt. Om nokon er usamde med oss i styret om dette, er vi opne for motargument.

Haustprogrammet 2015 er lagt til Voss og Bergen, 10. og 12. november. Doktorgradstipendiat Øystein Hide skal halda foredrag han har kalla «Det gjeng an å skriva i kvardagen òg – Olav H. Hauge og dagboktradisjonen i den nynorske skriftkulturen». Hide tek oss med gjennom historia til dagbokskrivinga frå romartida, vidare til nybyggjararar i Amerika som skreiv dagbøker, og til slutt heim igjen til våre eigne kjende dagbokskrivarar på 1800-talet, Ivar Aasen og Arne Garborg. Vi er glade for at Hide også har teke seg tid til å skissera opp hovudinnhaldet i foredraget sitt i ein artikkel her i bladet slik at fleire enn dei som bur her i området, kan få glede av kunnskapen hans. Vi legg ut meir informasjon om arrangementa på Facebook-sida vår og på heimesida; www.venelagethauge.no.

I vårnummeret 2015 endra vi litt på sideoppsettet inni heftet slik at artiklane vart meir oversiktlege, og sidene luftigare. Framsida, derimot, har vi ikkje endra. Vi lurar no på om medlemmene er nøgde med denne framsida, eller om det er trong for endringar. Innspel om dette vert mottekne med takk.

Randi Jåstad
leiar

Vikøy, 10.oktober 2015

sløret

det er
haust i skogen
snart er det vinter
snart skal skogen
sove så stille og
svart

men enno bølger
og blafrar han, enno
glitrar og glimer han
glør og blør og brenn

og så
ein morgon ligg det der
eit diamantstrødd slør av
spindelveg og skogsskodde

mellom alt som har vore
og alt som skal kome
alt som skal rotne
og alt som skal
gro

det glitrar og glimer
og berre *er*

sjå, du menneske
seier det

aldri vil du kunne
lage noko slikt

Ruth Lillegraven

Kort om skribentane i dette heftet:

Ruth Lillegraven, fødd 1978, kjem frå Granvin. Ho bur på Austlandet og er no forfattar på heiltid. Ho skriv både dikt og prosa. Den mest kjende boka hennar er *Urd*, som ho fekk Brage-prisen for.

Randi Jåstad, fødd 1950, har utdanning frå Universitetet i Bergen. Ho er no pensjonist, men har arbeidd i mange år i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Frå 2014 har ho vore leiar i Venelaget.

Arne Sørheim, fødd 1941, kjem frå Vikøy. Han er pensjonist. Tidlegare har han vore språklærar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule.

Magne Velure, fødd 1946 på Lofthus. No bur han på Lillehammer. Mag. art. i folkloristikk ved Universitetet i Bergen. I perioden 1972-1993 arbeidde han ved fleire museum. I åra 1994-2015 arbeidde han ved Kulturdepartementet, med unntak av to år ved Høgskolen i Lillehammer.

Einar Andreas Økland, fødd 1940, har ein omfattande litterær produksjon innan ulike sjangrar, både sakprosa og skjønnlitteratur. Den siste boka hans har tittelen *Sykling i søvne*. Økland var sentral i krinsen rundt tidsskriftet *Profil*, og han hadde ein heil del med Olav H. Hauge å gjera, både som kollega og som ven.

Espen Stueland, fødd 1970, er no busett på Voss, men kjem opprinneleg frå Oslo. Han kjem i haust med den tiande boka si; *700-årsflommen. 13 innlegg om klimaendringer, poesi og politikk*. Han har motteke mange prisar både som forfattar og som litteraturkritikar. Ein tidligare versjon av teksten som blir trykt her i heftet, vart framført som prolog under Ulvik poesifestival 2014.

Arne Skjerven, fødd 1944, har vore lærar og skuleleiar i Ulvik. I tillegg driv han som journalist og forfattar. Skjerven snakka mykje og jamleg med Olav H. Hauge i over 20 år. Skjerven gjorde elles opptaket til bautaen over diktinga til Olav H. Hauge, han fekk skipa Venelaget Olav H. Hauge og arbeidde med Haugesenteret frå starten til det stod ferdig i 2014.

Reidar Storaas, fødd 1931, bur i Bergen. Han har vore journalist i Dagen, Morgenposten og 36 år i Bergens Tidende. Han har skrivne fleire biografiar om kunstnarar i Hardanger, blant andre Ingebrigt Vik og Inggard Rosseland.

Øystein Hide, fødd 1975, bur i Ulvik. Han er faglitterær forfattar og har undervist ved ulike institusjonar i Noreg og i utlandet. No held han på med doktorgradsarbeid der han skriv om Olav H. Hauge og dagboksjangeren i nynorsk skriftkultur.

Alle skribentane er medlemmer i Venelaget.

Randi Jåstad

Kvardagstankar kring ei djup dikting

Olav H. Hauge helsar hausten velkomen slik:

«Revebjølla ringjer dei siste raude klokkone.
Kveldsvinden stryk attglyøymt gras.»

Det vesle «verset» er så enkelt, vart og vakkert at ein kan gråta i rein glede. Ja, ein lyt vakta seg vel så ein ikkje fell i freisting for å gjera noko Olav H. Hauge aldri gjorde; «det å byggja for stort».

«Berget syner meg sine grimor,
skuringsstripor og klomerke etter frost.
Men mange dagar har det drukke sol
og vorte stroke av linn vind.»

Ei meir meisla sjølvskildring finst det knappast maken til i norsk åndsheim. Andletet hans var eit slikt slite berg med «grimor», med «klomerke», med «skuringsstripor»; arr or livsens ræ røyndom, arr «karva inn i ein kvass og kravfull kvardag. Likevel, i dimme, drøymande augo, djupe som brunnar, glødde ei glo du aldri gløymer, og i minne og dagdraum stryk det smålátne smilet hans deg som linn vind stryk løynde lundar.

Olav H. Hauge kom til verda, tidleg om morgonen, den 18. august 1908. Ikkje veit eg kva dåm denne dagen hadde, men eg vel å tru at morgonen rei fjellnutane i skarlaksståpe og gylt hjelm. Skogen slo sine sylvstrenger, og fjorden song.

Olav H. Hauge var ein godsleg gut, seiest det. I oppveksten heldt han seg mykje for seg sjølv. Kameratar, jamvel vener, fanst nok, men bøkene vart dei mest trufaste. «I rom med dei hadde eg mine beste stunder», skal han ha sagt. Tidleg i tenåra vart han alvorleg sjuk, og han sleit tidvis seinare med sjukdom både på lekam og sjel, ikkje minst på det sistnemnde. «Eg kom i strid med maktene, men eg makta ikkje med dei», skriv han ein stad.

Sjølv om han i kvardagen ofte laut kvessa klør mot livsens lagnad; traska og træla for å halda ulikt elende or dørene, fann han tid og krefter til lesnad. Nattarsbel og i seine kveldstimar saug han til seg litteratur frå inn- og utland. I tillegg las han filosofi, soge, litteraturvitskap og lærde seg fleire framande språk på eiga hand. Vidare sette han om tekstar frå tysk, fransk og engelsk; og, ikkje minst, kom særmerkte diktsamlingar, talrike, forvitnelege dagbokblad og brev. Ei slik stoffmengd får meg og visseleg andre «bokormar» til å kaldsveitta. Diktsamlingane ber titlar som hyser ei heil solverd:

*Glør i oska.
Under bergfallet.
Seint rodnar skog i djuvet.
På ørnetuva.
Dropar i austavind.
Spør vinden.*

Olav H. Hauge «vyrkte» orda ut, sprengde dei ut or det nære ordberget. Stundom smell dei kvast som stål mot stein, stundom susar dei som varm vårvind om nes og nabbar; ei sinns sæle i kvardagens kav og krav. Det som slår meg når eg les eller lyder til Hauge-tekstar, er at her skriv og les ur-hardingen. Ordval og tonelag kling så heimsleg, så nært. Eg ser føre meg brunbleike brot med kvitveiskrullar mellom koparslegne skarv og skrentar, men òg bratte bergaflog, fysjande fossar, flengde fjell og glopurer.

«Du bur under bergfall.
Og du veit det.
Men du sår din åker
og trør trygt ditt tun
og let dine born leika
og legg deg som
om inkje var.»

Mennesket må kjenna sin stad og si stode.

Det vert sagt at Olav H. Hauge levde som ein original, og ein kan visseleg med lette finna døme på at dette var tilfelle. Original var han i den rette tydinga av ordet; opphavleg, djupt røtt i ætt og arv. Han slo seg gjennom livet som arbeidskar både utabygds og i heimegrenda; som diktar bygde han på det han hadde røynt, gjennomlevd og gjennomlida i ein kravfull kvardag. I Ibsen-skodespelet *Kongsemnerne* seier Jatgeir Skald i sin djupe samtale med Skule Jarl: «Jeg fikk sorgens gave, og så ble jeg skald». Olav H. Hauge kunne med rette seia: «Eg fekk slitet si gåve, og så vart eg skald.»

”Barn, du veit ikkje kva verd
du har kome til!
Du skynar ikkje den myrke
tåra åt mor di.”

Ja, Olav H. Hauge kjende livsstriden på kropp og sjel, men han kjende òg styrken og samhaldet mellom dei som bar byrdene; dei hardt røynde. Han står for meg som «slitaradelen» sin trauste talsmann.

Eg trur han stundom sleit med einsemd. I diktet «Heime att» uttrykkjer han seg såleis:

«Skjørene fyk or bislaget.
Kattane skvætt om novene.
Lykjelen ligg der eg la han.
Daude flugor i glaskarmane.
Kjelen kald og full av grut.
I skuffa ein hard skalk.
Meldestokken kik inn glaset.»

Ingen har vitja hus eller tun. Ingen ventar dikteren. Han opnar døra og stig inn i isande einsemd. Lesaren kulсар om kne og rygg, sjølv høgsommars. Så kan glødande glimt av glede sprengja seg fram; han kjenner seg lukkeleg, lukkeleg utan atterhald:

«I dag kjende eg at eg hadde
laga eit godt dikt.
Fuglande kvitra i hagen
då eg kom ut,
og soli stod blid yver Bergahaugane.»

Her finst så mykje å oppleva, og, ikkje minst, å læra frå Olav H. Hauge sine stutte vers og strofer; som gleda over å lukkast, gleda i arbeid, gleda i det ufortent oppnådde. Han skildrar sjølv korleis dikta hans vart til:

«Dei vart ikkje til mellom bøker
attmed eit skrivebord.
Men vart til ute i arbeid
med skog og stein og jord.

Det er høgste mote å tala om «grasrota» i dag, men ovafor talar «grasrota» til eit kvardagsmenneske.

Det brikjande og storslegne i natur og menneskesinn skildrar diktaren sjeldan, men han syner oss at styrken og stordomen ikkje ligg der, men snarare er å finna i det, som til synes, ikkje tel noko særleg. I samlinga «Dropar i austavind» finst det fleire vitnemål om det. Eitt av dei sterkaste finn me i det stutte diktet «Sleggja»:

«Eg er berre ei sleggje.
Eg stend der no.
Eg lyt berre til
når det røyner på.»

Den ventande styrken – Eg stend der no – han er så varsam, så kravlaus, så smålåten. Han ventar opp si tid. Kven har tid til det i vår tid? Sleggja vert for meg eit blankhamra bilete på ein sjeldsynt, men vesentleg eigenskap; det å tola, ja, endå meir, det å tola tolmodet – vedunderleg.

I andre dikt hentar Olav H. Hauge bilete frå naturen som i «Berget i fossen»: Berget syner meg «ein sterk rygg», ei ubrotten, tolande trass som kreftene kastar seg over som eit rovdyr, vilt og omsynslaut jagande. Kva trekk skulle ein ikkje venta å finna hjå berget etter ei slik medferd? Men kva skjer?

«Ein ettersumar kan vinden
slå silkeragget til sides.
Då ser me dragi dine,
ikkje kaldgrøne, tærde drag,
men kvitskura truskuld.»

Elles har diktaren tru på alt som veks under harde og vrange vilkår. I det høvet har han eit godt auga til den seige braken, eller til «brakamennesket», om ein vil:

«Ein lyt smøygja seg og tøygja seg,
friska seg og briska seg.
Gjera som brakjen:
spita hagel og regn!»

Eg nemnde tidlegare at Olav H. Hauge var, og eg vågar seia, vert slitaren sin trauste talsmann. Snautt nokon annan stad finn me slitaren så sterkt verdsett som i diktet «Eg ser yver ljårne fyre slåtten». Teksten treng inga utdjuping. Bileta er så meisla, så blanke, så velsmidde at dei mest krokslitne eg minnest frå barndomen, «hovoldemenneska», villa ha retta ryggen under dei:

«Brukte ljår held seg blanke,
rustar ikkje, endå eg veit
at dei òg forgjengst.
Kva er best, rusta ubrukt i ljåkassen
eller slitast ut av bryne og
steinut slått?

Rett ofte tek eg meg sjølv i kor store vanskar eg har med å sjå «det store i det små». Den einaste botevona for denne dugløysa er å tola på, stogga opp ei stutt stund, og la diktet «Kom ikkje med heile sanningi» sildra gjennom sinnet:

«Kom ikkje med heile sanningi,
Kom ikkje med havet for min tørste,
kom ikkje med himmelen når eg bed om ljøs,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom
slik fuglane ber med seg vassdropar
frå lauget, og vinden eit korn av salt.»

Olav H. Hauge syner sterk vryrdnad for ord. Han veit, og tek omsyn til, det eg og andre veit, men ofte ikkje ensar, at ord ikkje strekk til i mange høve, og slett ikkje når orda vert eit par nummer for store. Han skjer dei ned til beinet, ned «til nulls» som det heiter i handverkarspråket. Han veg orda på «smørvekt», reinsar dei for slagg slik at dei held:

«Eit ord
ein stein
i ei kald elv.
Ein stein til.
Eg må ha fleire steinar
for å koma yver.»

Til meg seier dette diktet alt eg treng å vita om det moderne menneske kallar kommunikasjon. Ordet gjev meg høve til å koma over til den andre elvebarden; høve til å nå andre menneske.

Mange har skrive, og mange skriv i dag, kjærleiksdikt. Få, om nokon, kan måla seg med Olav H. Hauge. Frå diktet «Svevn» stig ein uendeleg varme, ein lun, søtbrend ange. Han fyller rommet rundt meg. Orda kling som døyvde harpetonar for mitt indre øyra:

«Lat oss glida inn
i svevnen, i den
logne draumen,
glida inn – tvo
deigemne i den
gode bakaromnen
som heiter natt.
Og so vakna
um morgonen
tvo gylne
kveitekakor.»

Til slutt vågar eg meg til med nokre ord om kva tankar teksten «Det er den draumen» vekkjer i meg.

«Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje
at det må skje –
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg

at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

Me slit stendig med så mange stengsler for menneskeleg lukke. Draumen om lukke, om ljøs i tilværet, ligg djupt i oss alle, men vår tid med sitt jag etter vinning, velstand og velvære gjer oss blinde. Tida er stengd, hjarto er stengde, dører er stengde. Me ser ikkje klårt nok dei trengjande rundt oss i all vår sjølvkjærleik. Me lever i dei stengde dører si tid.

Berget er det hardaste å få hol på; det må sprengjast. Berget, dette knall harde, ber for meg hat, rasisme, svolt, krig, liding, naud; ja, all vondskep i verda i seg. Klovnar berget, vil livgjevande grunnvatn vella fram: «Kjeldor skal springa», seier diktaren. Desse «kjeldor» står for meg som nestekjærleik, fred og menneskeverd; for alt godt menneske i mellom. Dei er ein løynd sommar i mørkret, dei er alt som vitrar og veks i grøne lier og er godt til evig tid. «At me ei morgonstund skal glida inn på ein våg me ikkje har visst om». Ordet «glida» sveipar alt inn i ei uendeleg ro. Skal eg nå denne vågen, må sjølvkjærleiken knekkjast, for han ber alle stengsler i seg. Gjennom ordet «me» lyfter diktaren meg, i sitt storsinn, inn i hildingstimen, inn i det logne draumelandet.

Arne Sørheim

Ordstablar

Det er rart med desse orda, når me skal skriva dei. Oftast stablar me dei i breidda; lèt orda fløyma ut med meir enn 100 teikn på linja, medrekna mellomrom. Ein kjend sosiologiprofessor sa ein gong på slutten av 1980-talet at den største ulempa med personlege datamaskiner var at no kom det til å verta altfor lett for altfor mange å skriva altfor mykje utan særleg verdi. Du verda så rett han fekk!

Skal me halda styr på alt ordskrøyvet, må me bruka punktum, komma og stundom andre teikn for å regulera den store ordmassen, i von om at nokon der ute forstår innhaldet. Rettnok ser kommaet ut til å vera på vikande front. Det er berre folk fødde før 1950, og knapt nok det, som i det heile kastar vekk verdfull skrivetid på å setja komma. Og når nokon bryr seg med å bruka komma, ser hovudprinsippet ut til å vera "spre eder efter behag". Kommabruk er etter alt å døma eit teikn på alderdom og utdatert skulegang. Unntaket er kanskje Norsk språkråd, som prøver å innprenta oss at meiningsinnhald faktisk kan verta tydelegare når me bruker komma på fornuftig og rett måte. Og eg meiner å vita at brorparten av dei som er knytte til Norsk språkråd, er mykje yngre enn 1950-årgangen.

Punktum står seg enno godt, sjølv om somme likar å bruka punktum som om det var eit komma. Hakkar opp setningar og formuleringar på ein måte som nok gjer dei interessante, men berre stundevís lettare å forstå. Det skal visstnok vera teikn på at ordprodusenten legg for dagen ein spesiell kunstnarleg givnad når lesaren må streva med å finna ut om det er tenkt ei eller anna form for subjekt i setninga. Og kva skal me eigenleg med eit subjekt? Det er eit formelt krav som legg øydeleggjande band på den eruptive formuleringsskaparkrafta, som me alle visstnok har, men som vert undertrykt av gamaldagse, formelle reglar.

I praksis viser det seg å vera lettare å stabla mange ord i breidda enn å stabla få ord i høgda. Nett det kan vera vanskeleg å skjøna. Det burde vera raskare og enklare å skriva få ord enn å bruka mange ord, på same måten som det er raskare å eta lite mat enn å eta mykje mat, i alle fall for eit fleirtal av oss. Kor som er, det tek ofte lang tid å stabla få ord i høgda. Somme av dei som er vidgjetne for å stabla i høgda, seier dei kan bruka mange dagar og månader på ein liten stabel.

Det er få personar som kan livnæra seg med å stabla ord i høgda. Det seier dei som har greie på slikt. Då er det lettare å finna seg ein leveveg med å stabla ord i breidda. Kanskje er det med ordstabling som med vedstabling. Det er vanskeleg å laga stablar som vert ståande, og vedstablar i høgda har ofte ein uskikk å ramla ned att, dersom ein manglar kunnskap om å bruka godt vrykje og rett teknikk. Det trengst heil ved og ikkje morkne pinnar.

Ord er ikkje berre enkle. Det er tryggest å stabla dei i breidda. Då kan dei stå ei stund av seg sjølve, til det kjem nye breiddestablar og dyngjer ned dei gamle, i alle fall dei fleste av dei.

Magne Velure

Publisert fyrste gongen i bloggen Jakobs bok (<https://jakobvelure.no>) 25. april 2014.

Olav H. Hauge: ”Eg ser du har lært” frå *Spør vinden* (1971)

Eg likar
at du
brukar
få ord,
få ord og
stutte setningar
som driv
i ei skurbye
nedetter sida
med ljøs og luft
Eg ser du har lært
å rigla upp
eit vedlad i skogen,
godt å leggja det
i høgdi
so det turkar;
legg ein det lågt og langt,
ligg veden og røytest.

FEIL OG FEIL

Både dei som skriv, og dei som les, har nok stundom opplevd ei utriveleg kjensle av at noko i magen byrjar svelle og trugar med å kome opp i halsen og munnen. Denne varslende kjensla før vi kastar opp og ut, kallar vi vanlegvis kvalme. Poesien kan ikkje halde seg for god til å snakke om denne kjensla, så vanleg, så personleg og så gjennomgripande som den jo er. Men korleis snakke? For mange år sidan oppdaga eg at det kunne vere rettast å ikkje snakke så mykje i det heile. Det mest poetisk verksame var å gjere noko med sjølve ordet. Så eg nytta meg av dette at ein bokstav kan bli lesen som slik den skal lesast jamvel om den stundom har svulma til liks med mageinnhaldet. Eg skreiv då ordet slik: "kwalme". Det var vel eit svellande og kvalmande ord som kunne gjort seg på i grafittitekstar både innadørs på eit toalett og utadørs på ein husvegg.

Men nei. Utgjevarane, som steller med korrektur og rettskriving på alle sine veggar, korrigerate ordet til det ordboksrette "kvalme". Her hadde eg å skrive rett.

Den slags rettingar av tilsikta feilskrivningar har eg fleire gonger opplevd. Sjeldan kjenner eg meg meir einsam enn når det eg har skrive feil, er heilt rett når det kjem på trykk, og berre eg er den som veit kor mykje betre det ville vore dersom feilen min hadde fått stå der og skine.

Ein gong melde eg ei diktbok i *Verdens Gang*. Forfattere var ein venn og kjenning, men det forhindra ikkje at han i boka stod fram som sur og kritisk, også når han forlysta seg og latterleggjorde negative sider ved vårt samfunn og vår livsstil. Eg sette det nylaga stikkordet "Galdenhumor" på meldinga. Men redaksjonen visste betre. Det stod "Galgenhumor" i avisa. Det var eit ulasteleg ord. Men meldinga kunne ikkje leve opp til den nye overskrifta og var såleis sjølv den hengde.

Ei slik retting opplevde eg også som spaltist i avisa *Morgenbladet*. For å markere kor likeverdig og jamlikt og skilnadslaus noko kunne vere, forsterka eg eit folkeleg uttrykk og skreiv "hipp som hipp". Eg tenkte mange ville vere glade for å forfriske si likesæle med denne nye seiemåten. Men til liks med den vakraste visan kom dette aldri på trykk der i avisa. Dei retta mitt siste "hipp" til "happ". Hadde dei endå retta det første og skrive "happ som hipp". Men nei. Noko skal vere rett òg.

Slikt retthaveri går stundom laus på noko så privat som namnet til ein person. Ved fleire høve har eg nemnt eller kommentert ein norsk teiknar som heitte "Sverrer" (etternamn: Knudsen). Det var greitt nok den tid han bokstaverte namnet sitt sjølv, det kunne ein ikkje gjere stort med. I dag derimot, når eg og andre skriv namnet på hans måte, brukar korrekturfolka å kviste det ned til berre "Sverre". Det er litt annleis med namnet til diktaren Jakob Sande. Sidan dei fleste veit at mannen er vidgjeten og annleis enn vanlege folk som heiter Jakob, rettar redaksjonane førenamn til "Jacob". Det står ikkje utanpå bøkene hans, men jamleg i avisomtalar og samanhengar som gjeld visetekstane hans. Også diktaren Aksel Sandemose fekk ofte ein utanlandsk bokstav innført i namnet sitt når han blei omtalt: "Axel Sandemose".

Alt dette nemnest som bakgrunnen for at eg ofte stadfestar ei resignert sanning Olav H. Hauge minte meg på i eit brev då han sende meg boka si *Dikt i utval* (1972) - som er noko langt meir enn berre eit "utval". (Det kan ein først lese på tittelbladet inne i boka.) Han skriv: "Det skulle no stade *Dikt i samling* på umslaget òg, men noko skal vera gale."

Ja, noko skal vere feil.

Olav H. Hauge retta stundom feil i bøkene han sende. Med blekk. Ikkje berre i egne dikt, men også i redaksjonelle innslag. Kan hende var det ein av draumane han bar på, at han skulle sigle feilfri inn i ein våg? Men han visste ennå ikkje om denne, for noko skulle altså vere gale.

Her går tanken til bruken av desse vidgjetne førstelinjene i diktet om den draumen me ber på. Kanskje denne poetiske utsegna er elska mest av alt på grunn av dette vesle ettertenksame og milde ordet "me". Der kunne jo i staden stått eit sjølvsertert og ekspressivt "eg" eller eit påpeikande og betrevitande "du". Mange av oss ber desse orda i hugen. Men i Oslo sentrum ligg dei nedfelte i gata like utanfor inngangsdøra til Bondeheimen hotell. Plasseringa er visseleg vel meint av Bondeheimen. Like visseleg er den heilt feil. Om enn støypte i metall ligg orda ein stad gjester ikkje berre trør, men ifølgje god folkeskikk gjerne trampar og tørkar av seg det ureine dei måtte ha under skorne før dei går inn. Det er dørmatta sin stad. Det ville Hauge visst. Men noko skal vera gale. Orda toler sjølv sagt at ein trakkar på dei. Fysisk er dei av metall. Innholdsmessig er dei svevande. Dessutan er det ikkje så mange som legg merke til dei. Men det er like dumt å leggje orda utanfor døra som å hengje dørmatta opp på veggen.

Men-men - det er verre for Henrik Ibsen. For hans diktarord er spreidde som strøsand ein hålkedag fleire hundre meter nedover fortauet frå husværet hans i Arbinsgate ned til kafeen h. v.) i Grand Hotel på Karl Johan. Her trakkar dagleg tusenvis av kristianiaborgarar og turistar på nedfelte sitat frå Ibsens verk. Trakkar meir enn les, som einkvar kan sjå. Kva Ibsen måtte tykkje om slik gjenbruk av tekster burde vi kunne forestille oss det. Eg kan jamvel høyre for meg kva Hauge ville ha sagt om at oslofolka hyllar Ibsen med skosolen: No får Ibsen att for alt han har sagt om dei - og dei trur at dei gjer det rette!

Vi får vere glade så lenge vi kan skilje feil frå feil.

Einar Andreas Økland

Et toksikologisk motiv i Olav H. Hauges diktning

Mange sider ved gartner- og bondearbeidets betydning for Olav H. Hauge som forfatter er vel etablerte emner i litteraturen om ham. Så etablert og forterpet er enkelte av disse at ensidige oppfatninger om «Gartnaren frå Ulvik» er blitt korrigert og kritisert som klisjéer som forhindrer innsikt. (Bjørnstad 2008, s. 239) Likevel er det en viktig side ved gartneryrket, og dets relasjon til skriving og natur generelt, som er underbelyst.

Mine to eksempler er for det første tilstedeværelsen av en økologisk tenkemåte i Hauges verk. Den økologiske tenkemåten utfolder seg i refleksjoner over forholdet mellom menneske og jord, mellom mennesket og omverdenen. Det andre eksempelet er det toksiske motivet. Hauge skrev flere dikt med et toksisk motiv. Meg bekjent er dette lite belyst.

I både diktningen og dagboken gir Hauge uttrykk for at han er bekymret for bruken av kjemiske plantevernmidler. Motivet dukker opp tidlig i forfatterskapet – i de aller tidligste diktene han skrev, og senere jevnt og trutt i dagboksnotater og enkelte intervjuer. At denne siden ved Hauges diktning ikke er blitt tatt tak i, skyldes nok at bevisstheten om økologiske spørsmål befinner seg svært langt nede på litteraters prioriteringsliste. Internasjonalt er dette emnet derimot i ferd med å få økt oppmerksomhet, også i litteraturforskningen. Tidligere har neglisjeringen vært kombinert med en nøling overfor en virkelighet litteraturforskningen helst unngår, med den mer eller mindre eksplisitte begrunnelsen at oppmerksomhet om den vil gå på bekostning av mer prinsipielle spørsmål om språk, poetiske virkemidler, forskningens metoder og tradisjoner – kort sagt alle de felt litteraturvitenskapen har utviklet sin ekspertise på. Diktningens relasjoner til virkeligheten er ikke lenger et like tabubelagt område.

Man kunne nesten si at det er en slags kunnskapskløft som blir synlig i måten dette motivet – de økologiske diktene – er neglisjert på, og at denne best lar seg forstå som en variant av konflikten mellom de kulturer (det vil si mellom humanisme og naturvitenskap, en konflikt C.P. Snow skildrer presist i sin mer enn femti år gamle artikkel «De to kulturer» fra 1959). Siden slutten av 1960-tallet har de nykritiske eller autonomistetiske tilnærningene til Hauges verk tatt lange omveier rundt naturen i Hauges lyrikk eller sett den som noe annet (østlig påvirkning). På den måten fikk de utvilsomt løftet fram og tilgjengeliggjort forfatterskapet, men andre sider forble underbelyst. Formingen av posisjonen hadde sin pris.

Betegnelsen «toksiske dikt» kan brukes om dikt som berører en giftproblematikk. En bok av Statens forurensningstilsyn beskriver toksikologi som «læren om kjemiske stoffers skadelige virkning på levende organismer». I verket til den danske forfatteren Inger Christensen finnes en toksikologisk diskurs i diktsamlingen *alfabet* (1981), når hun tematiserer angsten for kjernevåpenkrig, radioaktiv stråling og ulike former for forurensning. Hun skriver om helikoptere som flyr over et område og sprøyter ut insektgift og plantevernmidler. Sprøytingen medførte at bladene løsnet. (Mer om toksikologisk diktning her: *Stueland 2015*.)

Jeg skal gi noen eksempler på hva jeg mener med at Hauge formulerer sin bekymring for å skade naturen med sprøytegift. Det første er fra dagboken, skrevet en gang mellom 2. mai og 5. juni 1972. Han har hørt på radio, der det var snakk om en bok av Gösta Ehrensvärd utgitt året i forveien: *Före – Efter. En diagnos*. Boken handler om at jordens matressurser er begrensede og en gang vil ta slutt. Den tar opp økologiske tenkemåter som lå i tiden. Romklubben utga rapporten *The Limits to Growth* og Erik Dammann utga *Framtiden i våre hender*. I Stockholm gjennomførte FN historiens første internasjonale miljøkonferanse, som hadde tittelen «En enda värld». FNs klimapanel (IPCC, *Intergovernmental Panel on Climate*

Change) er en videreutvikling av tankegods som ble utformet på denne tiden. Hauge fanger opp tidsånden, og det vekker dyp gjenklang i tanker han har gått med (som samfunnsengasjert, som gartner) i flere tiår. I *Dagbok* skriver Hauge:

Uhyggjeleg reportasje i radio. Ikkje berre Ehrensvård er svartsynst. Frå framskotne vitenskapsmenn frå alle kantar i verdi kjem kalde fakta: Verdi gjeng mot katastrofe. – Diverre, det er lite som tyder på at politikarane snur.

Rovdrift på verdfulle emne, forgifting av jord, vatn og luft – alt vil verka saman, slik at den industrielle tidsalder vil brjota saman av seg sjølv. – Til dette kjem auking av folketalet. Eg kjem i hug Henry Thoreau!

Enno har eg ikkje sprøytt frukttrei i vår. Skurv er det snautt fåre for i dette turre været. Men litt gift mot insekt? Trur det fær våga seg. – [...] Hagemannen stend i eit eige ljøs i alle gamle skrifer. Ingen dårleg visdom det å halda fast på gartner-namnet. Det skapar tillit.

Da Hauge skrev dette, var fruktblomstringen akkurat forbi. Det hadde vært lite nedbør. Han betrakter gartneren fra tre perspektiver: Via en vitenskapelig innfallsvinkel til det man nå kaller bærekraftig utvikling; via observasjoner og teknikker som er viktige for ham som gartner; og dessuten har han et perspektiv på gartneren i et kulturhistorisk perspektiv – vurderingen av det å situere seg som «gartnar». Det er en avveining om han skal sprøyte trærne: «Trur det fær våga seg.»

Uten at det fremgår helt eksplisitt, er vel dette også en refleksjon over hvilken habitus eller posisjon i det sosiale «gartnerpoet» gir. Han går ikke konkret inn på *hvilken* sosial ramme det skaper tillit i. Men det å inngi tillit er en kjerneverdi, uansett, viktigere enn andre mulige, vanlige eller legitime forfatterroller, som for eksempel bohem, dekadent, poète maudit, profet, refser, kontorist, nettverksbygger og liknende (jeg mener i og for seg ikke at disse rollene nødvendigvis står i et antagonistisk forhold til *tillit*, men den jordbundne arbeids- og livsrytmen som er bestemt av årtidens sykklus, er de definitivt løsrevet fra).

I et dikt trykket i årsskriftet for Fruktdyrkingsskolen på Hjeltnes i 1951 (gjenoptrykket i *Dag og tid* i 2008), «Gartneren millom skyttargraver», tar han i bruk *krigsmetaforen* for å beskrive kampen mot «sopp og uty». Og i diktet «Ein gamaldags nordmann» blir finntopp et bilde på nordmannen: den «trivst i turke og sol / på skrin jord / – gjev du han kunstgjødse, / kverv han.» Dette diktet ble tatt med som del av *På ørnetuva* da *Dikt i samling* utkom i 1985 (etter at Hauge gikk fra Noregs boklag som var konkurs, til Samlaget). Rent umiddelbart virker det som et idealisert og essensialistisk bilde av «nordmannen», han som ljaen «ikkje bit [...] på». En motstridig plante som her får epitetene «eit illbyste» (gammelt ord som kunne brukes om hissige furier), «strid og flintblå». Det er altså karakteristikkene Hauge ville benytte om nordmenn. Et nasjonalromantisk perspektiv, må man kunne si. Tittelen er et lån fra Kinck. (se Arnesen 2008) Lest som uttrykk for økologisk bevissthet er det ordet «kunstgjødse» som tiltrekker seg tolkende oppmerksomhet. Kunstgjødse, som i prinsippet hjelper planter og setter fart i jordbruket, blir her ladet negativt. Hauge trekker fram noe destruktivt: «gjev du han kunstgjødse, / kverv han.» Å kverve kan bety å gå i ring, men sikter her kanskje til å visne eller skrumpe inn (i eventyr ble *kverve* brukt som ord for å gjemme: kongsdottera ble kverva i berget). Hauge bruker sjeldne, nærmest daterte ord, og det underbygger en annen posisjon, som han selv kunne stå inne for: som nasjonalromantisk målsakmann («Bortsett frå at han er trufast mållagsmedlem, har Hauge lite med organisasjonsarbeid,» skriver Ivar Stegane). (Stegane 1978, s. 11)

Diktet er skrevet i en tid da utviklingen og produksjon av mineralgjødsel var noe av en stolthet for norsk industri. Etter Sam Eyde og Kristian Birkelands utvikling av nye produksjonsmetoder ble Norsk Hydro en storprodusent av kunstgjødsel. Ordet «kunstgjødsel» er verdiladet. I overført betydning symboliserer kunstgjødsel vitenskap, forskning, utvikling, og dermed, som institusjonsbyggeren innen norsk vitenskap, W.C. Brøgger skrev i 1892: «al virkelig videnskabelig Forskning fører Menneskeheden fremad, fremad mod højere Maal og i sine sidste Udslag altid ogsaa fremad mod større Lykke og bedre Livsvilkaar.» («Verdens universiteter» I–III, Verdens Gang 1892, her etter Sejersted 1992) I diktet fungerer kunstgjødsel som binær opposisjon til det norske, det egentlige, naturlige vekstvilkår. Betyr det at Hauge mener kunstgjødsel truer norsk identitet? Det kunne være en gyldig tolkning. Diktet uttrykker en konservativ kritikk av jordbrukspolitikk som tilrettelegger for rask vekst som er i takt med plantenes naturlige tempo. I flere andre ord synes Hauge å foretrekke planter som klarer seg med skrinne og karrige vekstvilkår. Imidlertid er det ikke disse perspektivene som dominerer synet på vekst og natur.

I et intervju uttrykker Hauge seg kritisk til måten jordbruk drives på: «Hagebruk er berre forretning og sprøyteveske no [...] Folk vert sjuke av det.» Miljøperspektivet opptar (bekymrer) ham til daglig. Hauge skriver i et dikt om ulike teknikker som gjennom historien er brukt for å forhindre insekter i å ødelegge avlingene og ete maten mennesket skulle leve av. Det er et dikt om en smed som skaffer seg et epletre. Hauge fanger inn en humoristisk dimensjon ved menneskets fåfengte bruk av kjemiske kampmidler mot insekter. Diktet «Då Smed-Ola sprøyte aplane» ble skrevet for årsskriftet for skulen på Hjeltnes i 1941 (skriftet ble laget i anledning at skulen var 40 år). Hauge hadde vært elev der i to år fra 1928, før han gikk i lære i ytterligere fire år ved Hermannsverk i Sogn og deretter på hagebruken på Ås.

Det første verset går slik:

Burti geila ligg smidja hans Ola
beint inni bakken, rett imot sola.
Han hev den der molen
med vinbær og kålen.
Men ovanum gjerdet
stend både plomme og pære.
Um hausten det lyste og raudna,
og Smed-Lina putra og pauna:
«Til vårs lyt du planta, du Ola,
so borna fær eple til jola.»
«Ja vert det 'kje fred,
som lyst det vel te,»
grein Ola smed.

Merk at Hauge skriver inn direkte replikker. Han dramatiserer samtalen, på en måte man knapt finner tilsvarende eksempel andre steder på i diktene. Buskene med solbær og åkeren med kål befinner seg nærmere huset. Ei *geil* (*geili*) er en passasje mellom gårdstun og utmark, omgitt av stein- eller tregjerde (her jeg bor, på Voss, har jeg en bratt Geili seksti meter fra hushjørnet). Den kan være laget for å føre vimsete husdyr rett vei. Det andre verset beskriver at Ola kjøper seg et epletre, men i tredje vers dukker insektproblemet opp:

Men so tok trea til stura,
og Ola gjekk lenge og fura
fyrn han endeleg såg kvar det stakk.

Jau trea var fulle av makk!
Og Per som var kunnig, fortalde
at slikt var ei sykje på alde.
Han kom med råder og skjema
og la so sakleg ut sitt tema
at smeden vilde ikkje bia:
I morgon sku' makken få svida!

Det finnes en masse *saklig* kunnskap om problemet, til og med «skjema». I siste vers går Smed-Ola til aksjon mot insektene:

So rørde han tobakk og såpe
med ungane storøygde glåpe'.
For no ska makken og lusa
bli passande øre og rusa.
Og Smed-Ola sprina og sprøyte
og miksa og blanda og bløyte.
– Men kreket og åtet
lika visst tobakken godt.
Dei vart litt sljoe og våte,
Men lus krak som fyrr etter skotet,
og åmone maula på Glott.
Men då vart han Smed-Ola galen,
og det fall slike ordelag i talen
som stundom kan høva ein smed.
– So henta han loddelampen,
sette upp fræsen
og sveid yver kvart einaste tre!
Og truleg laut avåtet te ...

Hauge lokker på latteren. Diktet synes påvirket av Jakob Sande. Den løsslupne selvironien slår flere veier. Dette i et dikt skrevet for gartnerkolleger. Det er lett å se for seg at opplesningen av diktet kan ha vakt munterhet i sosiale lag. Alle gartnerene som var diktets kjernepublikum hadde en Per i seg, en som «kom med råder og skjema / og la so sakleg ut sitt tema.»

Både grønnsåpe og tobakk, som oppkok av sneiper der nikotinen er konsentrert, er prøvde ut i striden mot insekter. Det avsluttende bildet av Smed-Ola som ser rødt når ingenting biter på larver og lus, er forløsende. Og, ved nærmere ettertanke, hvem har ikke en Smed-Ola på lur når det røyner på og alle knep er prøvd ut?

Diktet er gjenoptrykket i et nummer av Dag og Tid fra 2008, i forbindelse med hundreårsdagen for Hauges fødsel. Jan Erik Vold har skrevet kommentarer til diktene og fremsetter et betimelig spørsmål:

Norsk poesi treng ein Hauge-bibliografi, der alle dikta trykte i aviser og tidsskrift er registrerte. Då har vi eit grunnlag for den diskusjonen som seinare må koma: Kor mykje av den tidlege diktinga og omsetjingane til Hauge bør koma i bokform? (Vold 2008)

Det er flere forbindelser i Hauges verk som ikke er tilstrekkelig undersøkt. Det er synd at et dikt som «Då Smed-Ola sprøyte aplane» skal være såpass utlignelig (Dag og tid får

ha meg unnskyldt). Det samme gjelder forresten et annet av diktene trykket i samme nummer av Dag og tid, «Me legg bekket i røyrt». Også det var trykket i årsskrift for Hjeltnes, i 1961. I en supplerende kommentar skriver Vold at Hauge hadde fortalt til Idar Stegane at diktet handlet om en bekk som rant gjennom gårdsbrukene ovenfor og gjennom Hakestad (i Ulvik). Diktet inntar et standpunkt *mot* å legge bekket i rør. Det er mer som står på spill enn bare hvorvidt en bekk skal eller ikke skal legges i rør. Bekken blir en vialistisk allegori, «røyr av sement» et synonym for døden. Diktet forutsetter veletablerte motsetninger: mellom berørt og uberørt natur; tradisjon og modernitet; drøm og virkelighet; variasjon og ensformighet. Utvidet maskinpark, mer effektiv teknikk og tilrettelegging av landskapet forandrer bygda og overflødiggjør arbeidere (diktet «Dei hestane som er att») forteller samme historie, med *hesten* som utgangspunkt). Slik går det dagsaktuelle diktet inn i en –*fortsett* uavsluttet – diskusjon om naturvern, utbygging, energibehov (uten at *denne* elva skal i rør for å bli til kraft). Diktets topografiske ramme skal heller ikke glemmes. Ordene diskuterer litt nedstemt og oppgitt med de som ønsker betongrørene – sambygding, naboer, slektninger. Tittelen taler om et «vi», men om diktets jeg solidariserer seg med dette vi-et, står åpent.

Diktet apostroferer elven direkte, med personifiseringen «du». Sju ganger i løpet av den første, lange strofen gjentar Hauge frasen «du fær ikkje»: «Du fær ikkje lenger / klukka ned teigen [...] Du fær ikkje lenger / breida deg ut». Ulike former for livsutfoldelse får sitt endelikt. Elvens kvaliteter beskrives med stor glede og innlevelse, at det er tydelig hvor sympatien ligger. Den varierte livsutfoldelse kontrasteres med den ensidige. Dette du-et forutsetter et jeg, som presenterer seg i den andre strofen: «Eg sit her og røykjer / med tankane svive / um bekket og livet.» Bekket som heretter renner rett til havs, slik at gardbrukerne slipper å forholde seg til den, blir en allegori for opphøret av steder der drømmer kan oppstå: «Ingen fær rusla / på eigi hand lenger / og tru ei forunderleg verd / er hans. / Nei, greidt skal det skura / frå vogge til grav.»

Drøm korrigert av virkelighet er et velkjent tema i Hauges diktning. Den Hauge som leverer fra seg dette diktet til årsskriftet (lest av kolleger, naboer, bygdas autoriteter) er tryggere på seg selv enn den Hauge som leverte fra seg «Då Smed-Ola sprøyte aplane». Han offentliggjør et synspunkt som er atskillig mer trassig, og tilslutter seg ikke fremskrittstro og effektivitet betingelsesløst. Han står fram som en økokritisk dikter. Han støtter seg *mot sin* meridian – et landskap som forsvinner.

Litteratur

- Arnesen, Trond 2008: «Revebjøllor og finntopp». Bokvennen litterært magasin 1/2008. (teksten også lagt ut her: www.haugesenteret.no)
- Bjørnstad, Åsmund 2008. «Olav H. Hauge i planteriket: Av skrinne kår». I: *Tid å hausta inn. 31 forfattarar om Olav H. Hauge*. Red Bodil Cappelen og Ronny Spaans. Oslo: Samlaget
- Hauge, Olav H. 1980. *Hauge i samling*. Oslo: Noregs Boklag L/L
- Hauge, Olav H. 2000. *Dagbok 1924–1994*. Oslo: Det norske Samlaget
- Hauge, Olav H. 2008. «Då Smed-Ola sprøyte aplane», «Me legg bekket i røyrt», «Dei hestane som er att», «Gartnaren millom skyttargraver». Dag og tid. 14.08
- Sejersted, Francis 1992. *Vitenskap og industri: moderniseringsstrategier i Norge 1900–1940*. Oslo: TMV-senteret
- Stueland, Espen 2015. *700-årsflommen. 13 innlegg om klimaendringer, poesi og politikk*. Oslo: Forlaget Oktober
- Vold, Jan Erik 2008. «Meir Hauge». Dag og Tid. 14.08

Espen Stueland

Ogmund Sponheim og NRK-sommarbåten

Sommarbåten til NRK starta i Finnmark, og tek turen sørover. Onsdag 22. juli var Ulvik stoppestad. Olav H. Hauge og Haugesenteret fekk brei omtale.

For så godt som 800 år sidan var nettopp Ulvik starten på ein lang og viktig båttur. Ogmund frå Sponheim sigla nordover til endes av Noreg, og vidare ned elvane i Russland og til Jeriko.

Båe hendingane handlar om å sprengja grenser, - ikkje med skotsalver og anna som smell, men å møtast, syna fram, oppleva og slutta opp om tiltak. Det kan vera såvel underhaldning, naturopplevingar som å vinna ut over eigne grenser.

Ogmund, fødd kring 1190 og død kring 1230, drog i 1217 på jorsalferd. Dette er med få ord omtala i saga om Håkon Håkonson. Han sigla ut Hardangerfjorden, og for så nordover heile norskekysten og til Kvitesjøen, der fastlandet i den tid hørde til Noreg. NRK starta i sommar 798 år etter i Finnmark på norsk område, og fer så sørover og vitjar stader langs kysten og i fjordane.

Det er ulike føremål med turen, men det er også noko sams. Det er dette som er viktig. Ogmund ville ikkje berre sjå seg i spegelen (skuggsjå), men heller sjå ut gluggen eller glaset, altså venda synet ut mot landet og verda. NRK har også opna vindauge for å sjå naturen i landet, opna for folkeliv, lata folk syna seg fram og målbera staden sin.

Olav H. Hauge tileigna diktet han sjølv skreiv om Ogmund, til si eiga dikting. I diktet «Ogmund rid heim» nådde eventyraren frå Sponheim ut i verda og vart kjend. Hauge vart på same måten kjend. Då bygda og folket godtok og sette pris på diktinga hans, så draup «Tårone under hjelmen» då han kom inn fjorden. NRK har til oppgåve å nå ut til folket i landet. Sommarbåten har vorte teken vel imot. Programleiarane tek mest til tårone når dei skryt over oppslutnaden.

800 år er lang tid. Men sanneleg er det ikkje alltid så stor skilnad på menneska i tanke og sinn, i grend, bygd eller by, eller i heimland og utland. Det gjeld berre å kasta spegelen, og sjå ut i verda gjennom opne vindauge. Me er i same båt!

Ogmund rid heim - frå *Dropear i austavind* (1966)

Du kunde godt venda heim.
Ingen jorsalfar hadde lenger veg.
Stengd av drivis i Kvitehavet.
Lange var elvane i Russland.
Med askespjot frå Sponheim
stod de ved Jeriko.
No rid du heim yver sletta i Ungarn.
Kveldsoli skin,
og vinden helsar frå nord.
Då ser du skautet på Vassfjøro.
Tårone dryp under hjelmen.

Arne Skjerven

Reidar Storaas har skrive to biografiar om komponisten Geirr Tveitt, *Songjen i fossaduren-Tonediktaren Geirr Tveitt*, gitt ut i 1990, og *Mellom triumf og tragedie*, som kom ut i 2008, jubileumsåret for Hauge/Tveitt. I begge bøkene fortel han om vennskapsbanda mellom Hauge og Tveitt. I denne artikkelen deler han litt av kunnskapen sin om tilhøvet mellom Hauge og Hardanger-kunstnarane, tufta på egne samtalar med dei to og utdrag frå dagbøkene til Hauge.

Ein høg, seneberr mann i svart

- Du kan no koma inn her og vitja oss, sjølv om det ikkje skal intervjuast, sa Bodil Cappelen ein gong me møttest. Kanskje var det i samband med den store teppeutstillinga hennar i Bergens Kunstforening der eg sat i styret då. Fast regel var at styreformannen opna utstillingane. No bad ho om at eg måtte halda opningstalen. Lengst att i salen stod Olav H. Han kom fram etterpå og takka for orda til Bodil om hennar biletverk. Han verdsette nok at nynorsk kom i bruk ved eit slikt høve, i Bergens Kunstforening.

Til Ulvik-diktaren hadde eg fare i framkant av 60-årsdagen, kanskje fyrste gong han vart intervjuet av Bergens Tidende. (BT 16.8.1968). Me hadde møtst like før, i eit haustblot hjå Horvei på Bolstadøyri. Det personlege møtet nørde sansen for Hauges dikt. Mellom desse fanst også vers Geirr Tveitt sette tone til. Og eg visste dei kjende kvarandre. Då eg så tok tak i Tveitt-stoffet, frette eg Hauge om hopehavet deira, og fekk dette svaret datert 5.1.1984: "Det var fyrst i 60-åri eg kom til å møta han. Eg synest eg ser han fyrste gongen han kom inn, ein høg seneberr mann i svart, på same tid gamal harding og verdensmann. Etter den tid kom han inn her ikkje so få gonger, tri gonger var han med og gjorde opptak for NRK, og det hende han kom utan sers ærend og. I Oslo var eg i lag med han eit par gonger, so eg fekk sjå litt både av retta og rongva ved han. Til Tveit var eg berre ein gong. Me vart ikkje ferdige med pratet fyrste dagen, so eg låg der um natti. Sjølv sagt tykte eg det var gildt at han laga tonar til sume av dikti mine."

I Dagbok står det i samband med svarbrevet: "Eg vil gjerne segja noko um den mannen, han er vel den mest sermerkte eg har møtt." Ulvik og Norheimsund, ein diktar og ein tonediktar, to tvillingsjeler fann endeleg i hop. Det er openbert at dei fann glede i sine samver, ja Tveitt bruka ein gong så sterke ord i brev til Hauge: "eg lenktar etter deg" og Hauge var "ein forlokkande lyriker å setja tonar til", skreiv han i 60-årsskriftet. "So sjølvkritisk han er, forfella biletbuena hans aldri til banalitetar eller uturvande utbroderingar". Hauge på si side heldt seg oppdatert på emnet Tveitt i aviser og radio. I alt er det 85 innføringar om Geirr Tveitt i dagboka, fordelt på fire band. (Sjølv er eg også nemnd der, og eg nyttar høvet til å melda at registertilvisinga under "Storaas" til band 5, s. 494 gjeld Ole, bror min, ikkje meg.)

No tok det fleire år før eg fekk høve til å gjera ferdig den påemna boka om tonediktaren. For alvor i gang med dette prosjektet, tok eg ny kontakt med Hauge. Brevet frå januar -84 var opplyssande, men knapt. Kunne her vera meir å fortelja om hopehavet med sambygdingen og kunstnarvenen? I telefonen mintest vèl dette brevet, sakta dét, - nei, han trong ikkje sjå det att - han hugsa, jau då... Han stod ved det han hadde skrive fire år tidlegare, men nei, der var ikkje noko å leggja til.... Og når Hauge ikkje hadde meir å fortelja, kjende eg meg trygg på at kapittelet om venskapen mellom hardingkjempene var nokolunde klårlagd ut frå dei kjeldene eg hadde.

Songjen i fossaduren - Tonediktaren Geirr Tveitt låg føre på Samlaget seinhaust 1990. Hauge ventar ikkje på at forlaget skal senda, han kjøper boka på Voss der han er til tanndokter, og kommenterer utgjevinga fleire gonger i dagboka. Fyrste reaksjonen står under 11.12.1990: "Storaas har skrive ei god bok. Eit eventyrlig liv." To dagar seinare: "Når eg no

les Storaas, ser eg meir av Tveitts liv i samanheng og kvi det gjekk som det måtte gå med han: Motstand og bakvasking gjorde sitt!". 17. 12.: "Elles har eg lese ut boki um Tveitt. Merkeleg å lesa um ein mann ein har kjent. Minne frå dei gongene eg var saman med han, stend so skilleg for meg. Ein gong skal eg skriva det ned. Eg ser at eg kan retta ymist som Storaas skriv." Såleis er det: nokon hentar fram eit tema, og så el det fram minne og assosiasjonar i mange leier. Boka om tonediktaren er tema også når Hauge gjestar Aud og Knut Hamre i Folkedal annandag jol 1990: "Me snakka mykje um Geirr Tveitt; Knut hadde som eg nett lese boki til Storaas. Knut hadde berre møtt han *ein* gong. Han kom ut i Kvandal til Håvard ein gong, då var Geirr der. Han hadde lote spela ein slått for han. Då sa Geirr: "Du vert ein heil kar til å spela, du."

Med noko undring las eg dagboknotatet for 17. april 1991. På denne tid varsla Stephen Walton sin Aasen-biografi, og Hauge noterer "Etter det eg forstår vert det ingen "Biografi i Bedemandsstil", for å tala med Wergeland. (Han vart klandra for å vera fri i skildringi av Fearnley, målarer). Kanskje Bleie, i sin biografi av Meland, og Storaas i sin um Tveitt, kan skuldast for ha vore hosta varsame. Meland og Tveitt var ikkje "Bedemænd". Eg tykte det var langt frå slik eg hadde skildra Geirr. Ei trøyst at eg var i godt lag mellom skrivande hardingar som fekk seg ei Hauge-skrape. Dagboka 10.6.1965. "Opedal skriv um Kinck og modellar i Strandebarm. Han er ikkje skynigare han enn Kolltveit og Eide, dei har baa skriva um same emnet." Nokre veker seinare etter dette lydde folkeminnesamlaren Halldor O. Opedal inn om Rossvoll, og Kinck vart eit tema i samrøda: "Eg lasta han for det at han hadde skriva minder fint um Kinck. Han lika ikkje Kinck i det heile, forstod eg. Opedal likar dei jamne, vanlege skikkelege menneske, skynar eg. Og det er deira liv han er på leit etter, og dei er og har vore det store fleirtalet. Dei bryr no Kinck seg eingong ikkje um. Det er skruvande, tullingane, raringane, alle avvikarane han likar å skildra Og då kan bøkene rett nok verta underlege". (16.7.1965)

No hadde eg bite meg merke i noko Hauge sa til meg. Me tala om vår felles ven Jon Bleie sitt skrift om Halldor Meland, trur det var fyrste gong eg vitja diktaren i Ulvik. OHH sa om lag slik: Jon Bleie har skriva ei heil bok om Halldor, og nemner ikkje drykken... Han meinte biografar måtte skildra folk slik dei var, ikkje gjera dei finare enn røynda tilsa. Eg minstet denne åtvaringa då eg sette meg føre å skriva om Geirr Tveitt. Vanskeleg ville det vera å løyna kor oppglødd eg var for mannen og musikken hans, men "skjønning" styrde eg godt unna, meinte eg. Andre som kjende Geirr sitt levevis, sa og skreiv at eg treffe bra i så måte. Men Hauge tykte nok det skulle vore brukt sterkare fargar til portrettet av vennen han rangla med i Oslo, og som han - etter ei hendingsrik natt - kalla "galen mann!"

I arbeidet med den meir omfattande boka, *Mellom triumf og tragedie. Geirr Tveitt - ein biografi* (2008), var eg sjølvstogt forviten om Hauge hadde etterlate seg fleire korrigeringar som kunne vera meg til nytte. Bodil vart spurdt, men ho hadde inga meining om kva Olav sikta til her. Såleis er me like langt. Men skulle no ankemålet gjelda skort på måtehald, kan det finnast ein laustråd å gripa tak i. Tveitt gjorde i eit radioprogram mykje ut av hardingølet, med hjelp frå Hauge, og diktaren angrar. "Eg las 'Uppskoke' og 'Hardingøl' for Geirr Tveitt, han tok det på ljodband. Eg tregar på det, det skulde eg ikkje ha gjort. Eg nekta Holm i Stavanger ein gong for lenge sidan, og det skulde eg ha gjort no òg. Eg har ofte hatt vondt av at eg kom til å trykkja noko slikt, eg skulde ikkje vera med i den øl-kultusen her i fjorden. Men so veik og vinglen kan ein vera." (Dagboka 22.12. 1963). Dette samsvarar med ein episode Idar Stegane har fortalt meg om frå studietida hans. På eit nachspiel med studentane vart Hauge sterkt oppmoda om å lesa diktet "Hardingøl", der det

står noko om "fråhaldsfolk og bønelæte", men han ville ikkje. Då folk ikkje ville gje seg, sa han brått og sterkt: "Fraohaldsfolkje, da e beste folkje da!" Då tagna dei ivrige, og så vart det moro att.

Billetekst frå Bergens Tidende: "Slikt eit utsyn over fagre Ulvik-fjorden har diktaren frå stova si."



Reidar Storaas tok dette biletet heime hjå Olav H Hauge i samband med 60-årsdagen i 1968.

Glimt frå opphavet til den nynorske dagboktradisjonen

For mange år sidan sat ein ung mann på 26 år og skreiv følgjande i dagboka si: "Sick in the head, and not quite fresh in the stomach." Han hadde ført dagbok i ganske nøyaktig ti år og ei veke, og skreiv no i engelsk språkdrakt for første gong etter å ha lese ei bok i engelsk omsetjing som hadde gjort eit uutsettelig inntrykk på han.

Men, nei. Året er ikkje 1934 og den unge mannen er ikkje Olav H. Hauge. Året er derimot 1840, og han som skriv, er den unge læraren Ivar Aasen. "In a monoton and unmoved life, as mine," skriv han vidare, "one has nothing for the memory, but dreams and projects for coming years; (...)" ['I eit monotont og stillestående liv, slik som mitt, er det ikkje anna minneverdig enn draumar og komande prosjekt']. Av den grunn slår han fast at "[I]t could be good, if one to a memory for the future, sometimes had written his reflections on his present state, and his intentions for the coming time." ['Det kunne ha vore bra om ein stundom – som eit minne for komande tider – hadde skrive ned refleksjonane sine om korleis ein har det no og dei intensjonane ein har for tida som kjem.'] Dette er i seg sjølv – på eit stotrande, men likevel bortimot korrekt engelsk – ei interessant programerklæring for eit dagbokprosjekt: sidan ein lever i draum i eit monotont og stillestående liv, kan det vere ein god ting i det minste å skrive ned dei refleksjonane ein gjer seg som igjen kan verte minne i framtida. Desse draumane og refleksjonane er alt ein har, og kvifor ikkje – om ikkje anna – ta vare på det ein har?

Programerklæringa vert sjølv sagt endå meir interessant når det dukkar opp ein ung diktar – også han frå Vestlandet – om lag 100 år seinare og presenterer ei temmeleg identisk oppfatting av *sitt* liv og ei temmeleg lik programerklæring for *sitt* eige dagbokprosjekt. "*Sitt*" i tydinga ei som høver for han, ei som han kjenner er *seg* og som han finn livsverdi i – uavhengig av om andre òg har hatt eller kan ha det slik. Dagbokforfattaren Olav H. Hauge slår til og med fast mot slutten av livet at "[M]itt liv var draum" ... og det framstår som noko godt for han å kunne slå fast akkurat det, kanskje nett av den grunn at andre storleikar for han òg hadde levd i draum og likevel følt at dette livet gav mening for dei, og det hadde gjeve mening til andre sine liv. Dei ville truleg ikkje hatt andre typar liv, det ville ikkje passa *dei*.

Slike programerklæringar høver ikkje for mange andre litterære sjangrar enn dagboka. Det vil ikkje vere ei personleg nok melding å ytre om ein skriv slikt i ein roman, sagt av eit fiktivt subjekt i eit fiktivt univers, der det likevel skein gjennom at det var forfattaren som tala om seg sjølv til ein lesar han eller ho ikkje hadde møtt. Heller ikkje i eit brev til ein konkret avsendar – då ville det faktum at det var ein avsendar ha vore med å avspegle at han som skreiv det, såvisst hadde eit liv – eit kommunikativt liv der den skrivande kunne opne seg om livet sitt, og at det derfor ikkje berre var eit liv i draum, men eit sosialt formidlande liv med utveksling av tankar og idéar til andre om korleis ein har det. Det ville vore to sider av dette livet – det at ein sa at ein var i draum, og det at ein viste gjennom å formidle slikt at ein var i eit fellesskap – eit stadig møte mellom den som skreiv, og den som mottok det som vart skrive. Dagboka er eit møte mellom den som skriv og den som tenkjer over det han eller ho skriv – og fleire er det ikkje plass til i den verda der orda dett ned på papiret, eitt etter eitt, frå ein skrivar til seg sjølv.

Her er me òg ved opphavet til dagboksjangeren. Å notere ned slike subjektivt retta refleksjonar har svært lange tradisjonar. Den romerske keisaren Marcus Aurelius (121–180 e.Kr.) skreiv sine *Meditasjonar*, ein refleksjon over ulike stadium i livet, i ei form der han sjølv var mottakar. "Meditasjonane hans", skriv Diskin Clay i innleiinga til den engelske

omsetjinga frå 2006, "var medisinerings hans". Aurelius introduserer omgrepet *merismos*, av det greske ordet for deler ("mere"), og *merismos* er ei klassisk stoisk øving og ein slags terapeutisk aktivitet som har til hensikt å bryte ned noko ein opplever i deler, ein slags erkjeningsrelatert disseksjon. Dette meinte Aurelius me burde gjere for å finne ut i kva grad hendingar me opplever, er ein sum av faktorar me gjerne ikkje legg merke til *undervegs* i sjølve hendinga. Ei av følgjene av slikt arbeid vert gjerne, slik Aurelius kommenterer, at opplevingar vert så detaljert forstått at ein føler seg framand for dei. Men dette meiner Aurelius er ein god ting, noko som er sunt og utviklande for oss. Me når fram til erkjenning og lærer noko om oss sjølve, og kva og kven me er – uavhengig av kva det er me opplever. I bok 6.13 bruker han som bilete korleis ein under eit måltid kan verte slått av at ein faktisk sit framfor den døde kroppen til ein fisk, fugl eller gris (alt etter kva ein sit og et). Å vere observant på slikt, hevder Aurelius, gjer at ein kjem styrka attende til det vanlege livet – den ofte urefleksive prosessen det er å oppleve noko og ta inn noko. Ein sit att med innsikt i samanhengar og har trent seg i å skjønne kva delar heilskaplege opplevingar er sett saman av. Målet med slikt aktivitet er å skjønne kva det er å tenkje og oppleve noko, ikkje å innrømme noko eller å "skrifte" på noko vis. Med meditasjonane sine, *merismos* som metode, innfører Aurelius ei form for tenking som er livsnær uten anna mål enn at ein skal skjønne seg sjølv og sitt sjølv. Det er altså ein konkret metode for å nå det målet som var skrive på tempelet i Delfi ("Kjenn deg sjølv"), som står skrive i Thomasevangeliet ("Kjenn deg sjølv for å forstå Guds rike") og som elles går som ein raud tråd gjennom mykje av tidleg gresk tenkning.

Denne idéen om metodisk loggføring vart vidareført av mange og på mange måtar, men dei mest særmerkte representantene i nyare tid er dei amerikanske transcendentalistane. Retninga vart etter kvart kjent som New England Transcendentalism, og vaks fram i området rundt Concord og Cambridge i Massachusetts, USA, på midten av 1800-talet. Hauge, som ein kan seie etter kvart gjorde det til livsprosjekt å forstå kva sjølvforståing er for noko, skriv ofte om desse i dagboka si, og var særleg oppteken av Ralph Waldo Emerson (1803–1882), rekna som grunnleggjaren av rørsla, og Henry David Thoreau (1817–1862) – den av dei som kanskje i størst grad utvikla ideen om dagboka som eit arbeidsfelt.

Å transcendere noko betyr her "å overskride grensene for den menneskelege erkjenninga" (Allkunne.no). Transcendentalisme er, slik denne retninga oppfatta det, å forsøke å gripa dette overskridande. Eit transcendent sjølv er den du er når du er klar over at du skriv dagbok, den du er når du er klar over at du opplever noko. Den du er når du tenkjer "no er eg einsam". Metoden mange av dei tok i bruk for å meistre denne stadige overgangen til å vere bevisst seg og sitt sjølv, var å føre ned daglege tankar i dagboksform. Gjennom ei samling av spontane innfall og tankar, kunne ein etter kvart sjå ein heilskap og i sum nå fram til noko større enn – med andre ord transcendere – det ein fekk auge på i det daglege tankearbeidet. Var ein riktig heldig, sa dei, kunne dei små dropane, dogget på overflata av det ein skreiv, kome ut som små dikt, små kjerner av innsikt som skein som krystallar og sa mykje med få ord.

Sett i samheng med Hauge si skrivargjerning er det altså ekstra interessant at dette fekk følgjer for korleis dei oppfatta dikt og diktets funksjon. Den kanskje mest kjente poeten av transcendentalistane, Walt Whitman, skreiv i *Democratic Vistas* (1871) at "Nature, true Nature, and the true Idea of Nature, long absent, must, above all, become fully restored, enlarged, and must furnish the pervading atmosphere to poems." ["Natur, sann natur, og den sanne ideen om natur, fjernt frå oss, må framfor alt bli fullstendig restaurert, forstørta, og må utgjere den gjennomtrengande atmosfæren til dikt."] Ser ein slike rett, er dei velkjende, naturlege scenene i dagleglivet stadige openberringar heller enn ordinære hendingar. Slik skreiv Hauge sitt liv kvar gong han førte ned ei ny lyrisk strofe – som igjen var resultatet av

sidelange refleksjonar i dagboka over eigne draumar og eige liv. Denne prosessen er etablering av *sjølvkunnskap*: kort sagt kunnskap om eigne mentale tilstander, inkludert voner, ønskje og kjensler. Det ein kan finne ut om seg sjølv eller *sitt* sjølv, vil vidare ha allmennverdi gjennom det at den dialektiske prosessen mellom sjølvet i oss og kunnskapen vår om dette sjølvet er meir sentralt *menneskeleg* enn det ein finn når ein drøfter fiksjonelle storleikar og vår oppfatning av dei. Hauge siterer Thoreau i 1984: "A true account of the actual is the rarest poetry," segjer han. Det trengst – å verta minna um, atter og atter." (5.5.84) ['Ei sann skildring av det faktiske er den sjeldnaste poesi.']

Ivar Aasen var 17 år og nesten fem månader då han byrja å skrive dagbok i 1830. Dei første ti åra skreiv han om vêr og vind, etter kvart om kva bøker han las, og korleis helsa hans var. Olav H. Hauge var nesten 16 år då han i 1924 fortel om at ein tanke slo han "her um dagen". Aasen skreiv ei stiv dansknær form, men vart i si levetid ansvarleg for at Hauge i 1924 fann det naturleg å skrive eit heilt anna språk – landsmål. Tematisk er Aasen ein føregangsfigur for Hauge; "tanken" som slo, var Ivar Aasen sin. Dette er ein parallell som først no tek til å få merksemd og interesse, og dét er på tide.

Øystein Hide

Tre haustdikt frå *Dropar i austavind* (1966)

HAUST

Haust er i kjømdi.
Liljone stend
med brotne sverd;
gras luter lugg
og tek han,
han er her!
Sol kan dei snu,
og måne venda
til scimitar.
For frost og snjo
råder eg endå,
kar!

NÅR HAUSTEN KJEM

Når hausten kjem
når kulden kjem
og kveldane vert myrke,
sit eg ved elden
og hullar min song –
held liv i kvida,
manar fram solminne.

HAUSTFISKE

Elvi har flak av is,
ho er mager
og bit kvast
og renn illski millom steinane.
Askestuvane stend grå
ved barden,
syner grant kvar tein
og svart knupp,
orekjerri er lurvute
og hirne av rim.
Auren er spralten
og kald og fast

Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad. Styret eller dei som styret gjev ansvar, skal syta for at bladet kjem ut årleg med minst to nummer.
5. Venelaget nemner opp ein medlem til styret for Haugestiftinga. Det skal veljast varamedlem for denne. Styret vel denne internt.
6. Venelaget skal ha styre med leiari, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren og styremedlemmene er på val kvart årsmøte. Kasseraren treng ikkje vera styremedlem. Ei valnemnd på tre medlemmer kjem med framlegg på årsmøtet om styresamansetting.
7. Årsmøtet vert halde i samband med "Ulvik Poesifest". Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. I innkallinga får medlemene melding om at frist for innsending av saker ein ynskjer ta opp, er 14 dagar før årsmøtet. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolk. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn (revisor) etter framlegg frå styret. Vala er for to år.
8. Omfram årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemmene krev det.
9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av Venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omfram årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei framømte er samde om det. Framlegg til vedtektsendring skal sendast skriftleg til alle medlemmer minst 1 mnd før årsmøtet. Alle medlemmer har høve til å senda inn skriftlege merknader som vert lesne opp for årsmøtedeltakarane. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdjar gå til Haugesenteret i Ulvik, starta i 2011.

Samrøystes vedteke på skipingsmøtet 21.8.1999 i Elvatun, Ulvik.

Endra på årsmøtet 06. september 2014 i Elvatun, Ulvik.

Soarhe Kroppar
i Kvitebu
liste: regnet girer

Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2014–2016

På årsmøtet i Ulvik 6. september 2014 vart dette styret valt:

- Leiar: Randi Jåstad, Norheimsund
- Styremedlem: Audun Lødemel, Voss
- Styremedlem: Annelise Thorbjørnsen, Voss
- Styremedlem: Bjørn Finne, Granvin
- Styremedlem: Eivind Berge, Bergen
- Varamedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik
- Varamedlem: Terje Hjartnes, Ulvik

Kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no eller randijaa@gmail.com

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge v/Randi Jåstad
Vikøyvegen 386
5600 Norheimsund
Tlf: 915 23 146

Medlemspengar kr 250,- til konto: 3450 30 01960 v/kasserar Anders Kr. Oppheim.
Hugs å skriva namnet på giroen!

Redaktør for medlemsheftet:
Audun Lødemel

Finnes på klubbene
Ulvik Hauge